

# Reglement for eldrerådet

## **1. Samansetting – val**

Eldrerådet skal ha 5 medlemer, med minst 40 % representasjon av kvart kjønn. Rådet vert vald for kommunestyreperioden. Kommunestyret nemner opp medlemene.

Stord Pensjonistforening o.a. etablerte pensjonistlag har rett til å koma med framlegg om medlemer til rådet. Fleirtalet av rådsmedlemer skal vera alderspensjonistar.

Eitt medlem vert å velja frå kommunestyret. Eitt medlem vert å velja frå Utval for rehabilitering, helse og omsorg.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast mellom pensjonistane.

## **2. Eldrerådet sine oppgåver**

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen, jf. kommunelova § 5-12.

Rådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår og sosiale tilhøve for eldre.

Rådet skal også ha til handsaming andre saker som influerer på eldre sine livsvilkår, som t.d. tiltak og planar i helsesektoren, bustadprogram og reguleringssaker, saker vedrørande samferdsel og kommunikasjon , kulturtiltak og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre.

Relevante saksdokument skal derfor leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene. Dersom sakene skal handsamast av kommunal komité før handsaming i kommunestyret, skal rådet ha saksdokumenta til handsaming før komiteen handsamar dei.

Fråsegner/protokoller frå rådsmøta skal følgja saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Eldrerådet kan elles sjølv på eige initiativ ta opp til handsaming saker som rådet meiner vedkjem eldre i kommunen.

## **3. Administrative spørsmål/sekretariat m.m.**

Kommunen skal halda tilfredstillande sekretariathjelp for rådet.

Rådet har elles rett til å uttala seg om rådets drift og verksemd før kommunestyret vedtek driftsopplegg.

Dersom kommunestyret vedtek utfyllande drifts- og administrasjonsreglar for rådet, skal eldrerådet på førehand ha uttalt seg om desse.

#### **4. Budsjett og driftsutgifter m.m.**

Eldrerådet skal ha tilfredstillande budsjett/økonomi som i tillegg til sekretariathjelp skal dekkja turvande utgifter til:

- informasjon og lysingar
- reise- og kursutgifter
- møtegodtgjersle
- andre turvande utgifter til drifta.

#### **5. MELDINGSPLIKT M.M.**

Eldrerådet skal kvart år arbeida ut melding om verksemda si. Meldinga skal m.a. innehalda opplysing om eiga møteaktivitet, viktige saker som har vore teke opp og om ekstern informasjons- og opplysningsarbeid andsynes eldre i kommunen. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.